

Folkebibliotek i Hordaland 2015

Oversyn

Det er 60 faste bibliotekavdelingar i fylket. 4 kommunar har bokbussar, med til saman 93 stoppestader, og fylket har ein bokbåt med 50 stoppestader i 21 kommunar.

Kompetanse

26 av 33 kommunar har fagutdanna biblioteksjef. Det er totalt 83 fagutdanna bibliotekarar i arbeid i folkebiblioteka i Hordaland, og desse fyller til saman 75,22 årsverk. I tillegg kjem 145 tilsette med anna bakgrunn enn bibliotekarutdanning. Desse fyller til saman 93,64 årsverk.

Økonomi

Rekneskapstal viser at det vart nytta 2 % meir til innkjøp av medium i folkebiblioteka i 2015 enn i 2014. I 2014 vart det nytta NOK 12 316 785, medan det i 2015 vart nytta NOK 12 558 345. Dette visar at det i gjennomsnitt vart kjøpt inn medium for NOK 24,56 per innbyggjar i 2015, mot NOK 23,14 i 2014. Mediekjøp per innbyggjar er eit tal som varierer sterkt frå kommune til kommune, og størstedelen av variasjonen heng saman med variasjon i innbyggjartal.

Tradisjonell bibliotekbruk

Samla sett hadde folkebiblioteka i Hordaland 4,3 besøk per innbyggjar. Dette er ei auke frå 3,9 besøk per innbyggjar i 2014. Kvar hordalending lånte i gjennomsnitt, 4,2 medium, derav 3,1 bøker.

Barn under 15 år lånte i gjennomsnitt 9,9 medium i eit folkebibliotek i løpet av 2015.

Annan aktivitet

I 2015 vart det gjennomført 2609 arrangement i folkebiblioteka i Hordaland. Til saman var det 70 283 deltakarar på desse arrangementa. Dette utgjer 5 % fleire arrangement og 11 % fleire deltakarar enn året før.

Boksamlingane og bruken av dei

IFLA si anbefaling er at ei etablert boksamling skal innehalde 2-3 bøker per innbyggjar, men ikkje mindre enn 3 000 bind. På grunn av den norske ordninga med kulturfondbøker og bevaringsplikta som følgjer med den, vurderer vi her i Hordaland at ei etablert boksamling bør sikte mot 2-3 bøker per innbyggjar, men ikkje mindre enn 6 000 bind. Denne anbefalinga må vurderast lokalt i dei enkelte biblioteka, men kan med fordel vere eit langsiktig mål for dei fleste.

Boksamlingane i folkebiblioteka er framleis for store, og misforholdet er størst i dei minste biblioteka. Gjennomsnittstala i 2015 var slik:

- Kommunar med mindre enn 5 000 innbyggjarar - 8,1 bok per innb.
- Kommunar med 5-10 000 innbyggjarar – 5,2 bok per innb.
- Kommunar med 10-20 000 innbyggjarar – 3,0 bok per innb.
- Kommunar med 20-30 000 innbyggjarar – 1,7 bok per innb.
- Bergen – 1,6 bok per innb.

Omløpstal viser bruksverdien av ei samling. (Omløpstal = førstegangslån/bestand). Omløpstala for boksamlingane i folkebiblioteka i Noreg ligg lågt. Vi kan også sjå at omløpstala i Hordaland ligg lågt samanlikna med landsgjennomsnittet.

Samla omløpstal i 2015:

- Rogaland utan Stavanger 0,85
- Noreg utan dei 4 største byane 0,66
- Hordaland utan Bergen 0,57
- Sogn og Fjordane 0,38

Omløpstal for boksamlingane i Hordaland:

- Kommunar med mindre enn 5 000 innbyggjarar – 0,35.
- Kommunar med 5-10 000 innbyggjarar – 0,48.
- Kommunar med 10-20 000 innbyggjarar – 0,78.
- Kommunar med 20-30 000 innbyggjarar – 0,92
- Bergen – 1,26.